

Fornorskingspolitik

På 1800-talet var Noreg ein del av Danmark. Stadig fleire ønskte at landet skulle bli sjølvstendig og få sin eigen konge. I 1814 fekk Noreg si eiga grunnlov.

I denne perioden meinte norske politikarar at det var viktig at Noreg var så norsk som mogleg. Dei ville at folk som budde i Noreg skulle snakke norsk og ha norsk kultur.

Frå rundt 1850 byrja difor norske politikarar å utrydde andre språk og kulturar enn den norske. Dette fekk store konsekvensar for samane.

Samiske barn fekk ikkje lenger snakke samisk på skulen.

Dei måtte lære norsk.

Mange gløymde det samiske språket.



En samisk familie rundt år 1900.

Samane lærte at samisk språk og kultur var dårlegare enn den norske. Dei byrja å skamme seg over å vere samar.

I 1997 sa Kong Harald unnskyld for alt som vart gjort mot samane opp gjennom historia.

I Noreg er vi to folk - nordmenn og samar.

Spørsmål til teksten:

1. Kva gjekk fornorskingspolitikken ut på?

2. Kva konsekvensar fekk fornorskingspolitikken for samiske barn?

3. Kvifor byrja samane å skamme seg over å vere samar?

4. Kvifor ba Kong Harald samane om unnskyldning?
